

RETTLEIAR I PLANLEGGING,
GJENNOMFØRING OG
EVALUERING AV ØVINGAR

Metodehefte: Lokal øvingsleiar

Oktober 2018



Direktoratet for
samfunnstryggleik
og beredskap



RETTLEIAR I PLANLEGGING, GJENNOMFØRING OG EVALUERING AV ØVINGAR

Metodehefte: Lokal øvingsleiar

Oktober 2018

Føreord	5
Innleiing	6
1 Kvifor lokal øvingsleiar?	7
2 Kva gjer ein lokal øvingsleiar?	9
3 Hovudoppgåver på øvingsdagen	13
4 Tips og råd til deg som skal vere lokal øvingsleiar	15
5 Ord og uttrykk	17

FØREORD

Øvingar er eit verkemiddel for å auke evna samfunnet har til å handtere kriser. Gjennom øvingar kan vi teste og vidareutvikle system, funksjonar og kompetanse, eller påvise effekt av gjennomførte tiltak og endringar.

For å gje ei heilskapleg tilnærming til planlegging, gjennomføring, evaluering og oppfølging av øvingar, har DSB utarbeidd eit rettleiingsmateriale som består av ei grunnbok og fleire metodehefte. Ei sams tilnærming til arbeidet med øvingar vil bidra til at det blir enklare å øve saman, både på lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå. Målgruppa for rettleiarene er difor alle aktørar som har behov for å øve, både offentlege, private og frivillige organisasjonar.

Arbeidet med samfunnstryggleik skal vere erfarings- og kunnskapsbasert. Samfunnstryggleiksarbeidet omfattar førebygging og beredskap. Førebygging er meint å skulle redusere sannsynet for at uønskte hendingar skjer. Beredskap er den planlegginga og dei førebuingane som gjerast for å kunne handtere uønskte hendingar om dei skjer.

INNLEIING

Dette metodeheftet er ein del av rettleiingsmateriellet til DSB om øvingar. Rettleiarene består av ei grunnbok og fleire metodehefte. Grunnboka gjev ei innføring i kva øvingar er, kvifor vi over, ulike typar øvingar og kva fasar ei øving består av. Rettleiaren må sjåast i samanheng med styrande dokument, lover og forskrifter der dette er relevant. Føremålet til rettleiaren er å gje støtte i heile prosessen med å planleggje, gjennomføre, evaluere og følgje opp beredskapsøvingar. Dei refleksjonane og prosessane som er skildra gjeld både for små og store øvingar, men ei mindre øving krev sjølv sagt ikkje like omfattande planlegging eller ressursar.

Meininga med grunnboka og metodehefta er å:

- Vere ei inspirasjonskjelde og støtte for alle aktørar som skal bestemme, planleggje, gjennomføre og evaluere øvingar.
- Fungere som sjekkliste og guide i dei ulike fasane til øvinga.
- Vere normgjevande for omgreps- og metodebruk innan øvingar og evaluering.

Oversikt over utgjeve rettleiingsmateriell:

Grunnbok: Introduksjon og prinsipp i øvingsplanlegging

Metodehefte: Speløvingar Metodehefte:

Diskusjonsøvingar Metodehefte:

Funksjonsøvingar Metodehefte:

Fullskalaøvingar Metodehefte:

Evaluering av øvingar

Metodehefte: *Lokal øvingsleiar*

Meininga med dette metodeheftet er å auke forståinga for kva rolla vil seie og kva som krevjast for å gjere ein god jobb som lokal øvingsleiar (LØL). Oppgåvene til ein LØL blir meir omfattande og krevjande i større, tverrsektorielle øvingar enn i mindre øvingar internt i ei verksemrd. I dette metodeheftet skildrast rolla grundig, men kvar verksemrd må sjølv justere oppgåver og gjeremål ut frå omfanget til øvinga. Metodeheftet vil fokusere på rolla som LØL, og ikkje øvingstypane i seg sjølve. For å få ei djupare forståing av dei ulike typar øvingar, og kva element som inngår i dei, tilrar vi å lese grunnboka om øvingsplanlegging eller metodehefte for den typen øving som skal gjennomførast.

01

Kvifor lokal
øvingsleiar?

KVIFOR LOKAL ØVINGSLEIAR?

Ei øving er ein situasjon som er tilrettelagd og tilpassa dei øvingsmomenta og målsetjingar ein ønskjer å fokusere på. Denne situasjonen skapast i planleggingsprosessen gjennom utvikling av eit scenario, konkretisert og synkronisert i ei dreiebok. I større øvingar, både speløvingar og fullskalaøvingar, har ein ei sentral øvingsleiring som er ansvarleg for gjennomføringa av øvinga. Denne kallast ofte for spelstab. I internasjonal samanheng brukast omgrepene *DISTAFF* (directing staff) eller *EXCON* (exercise control). Frå no av vil det for å gjere det enkelt berre bli omtalt som spelstab.

Hovudoppgåva til spelstaben er å styre øvinga i høve til dreieboka og til ei kvar tid ha kontroll på kva innspel som er formidla til deltakarane, og korleis øvinga går. Om fleire verksemder øver saman, hører det seg at spelstaben samlokaliserast. For å unngå at spelstaben mistar kontroll på utvikling i øvinga under gjennomføringa, har ein eit kontaktpunkt blant dei øva. Dette kontrollpunktet er *lokal øvingsleiar*, også kalla *kontroller*. I dette metodeheftet har vi valt å bruke nemninga lokal øvingsleiar (LØL). På militær side brukast ofte omgropa *trusted agent* eller *stridsdommar*.

Uavhengig av kva omgrep ein brukar om funksjonen, er det viktig å klårgjere ansvar, roller og styresmakt før øvinga startar. Særleg viktig er det at alle som skal ha rolla som lokal øvingsleiar veit kven dei skal rapportere til. Spelstaben er avhengig av dei lokale øvingsleiarane for å forsikre seg om at innspel er mottekne av dei som øvar og at innspela får den ønskte responsen. Lokal øvingsleiar er altså den forlenga armen til spelstaben, i tillegg til deira auge og øyre.

Kvar LØL er plassert kan vere organisatorisk eller hendingsbestemt, noko som varierer avhengig av øvingstype og korleis ein ønskjer å bruke funksjonen. I fullskalaøvingar kan dei bli plasserte på eit *spesifikt område*, eller følgje ein bestemt funksjon. Det kan t.d. vere ein lokal øvingsleiar som er "LØL stadestad" eller "LØL innsatsleiar politi". Oppgåva til lokal øvingsleiar er då å vere til stades og følgje øvinga på stadestad, eller følgje personen som har funksjonen som innsatsleiar politi. LØL kan også ha eit *ansvar for tryggleiken i feltøvingar*. I speløvingar blir LØL ofte plassert på ein spesifikk lokasjon, slik som hos dei deltagande verksemndene/aktørane. I mindre øvingar er det berre behov for éin LØL, som er på same lokasjon som dei øva.

02

Kva gjer ein lokal
øvingsleiar?

KVA GJER EIN LOKAL ØVINGSLEIAR?



Jon Berntsen og lokal øvingsleiar, Geir Ellingsen, under øvinga Triplex 2016. Foto Anita Andersen/DSB.

Lokale øvingsleiarar er “usynlege” personar som følgjer øvingsdeltakarane. Oppgåva deira er å observere, vurdere, rapportere, justere, retteleie og sjå til at tryggleiken ikkje setjast i fare for deltakarar, innsatspersonell eller rollespelarar. For å kunne gjøre denne jobben, er det essensielt at ein har god innsikt i dreieboka og har sett seg inn i planlagde innspel og forventa handling knytt til desse. Det er rådd til at denne gjennomgangen gjerast i samarbeid med spelstabben slik at ein kan få ei sams forståing av øvinga og kva ein ønskjer å oppnå. I denne gjennomgangen er det også ein fordel om evaluatorane deltek.

Overfor dei øva aktørane skal lokal øvingsleiar: Observere og vurdere utviklinga i øvinga og handlingane som blir utførte når det kjem nye innspel. Justere, ved å stille dei rette spørsmåla til rett tid og på rett måte. LØL skal vere ein sparringspartner for dei øva om dei føler eit behov for det, og om det er naudsynt – men berre då, gripe inn for å rettleie dei tilbake på rett veg. Eventuelt kan LØL gje tilbakemelding til deltakarane på slutten av dagen for å oppsummere korleis

handteringa gjekk, sett frå perspektivet til lokal øvingsleiar.

For lokal øvingsleiar er ei av dei største utfordringane om ein skal gripe inn i øvinga, og då i så fall kva tid og korleis. Før ein grip inn må ein tenkje gjennom kva ein ønskjer å oppnå med å gripe inn. Dette må vurderast opp mot forventa resultat av handlingane og utbytet dei øva får av å fortsetje utan at det gripast inn eller ved at det gripast inn. I denne vurderinga er det viktig ikkje å vere partisk på kva som er rett og gale, men at ein er open for andre løysingar enn kva ein hadde sett føre seg. I tillegg skal ikkje dei øva sin eigen grad av suksess vere overordna det totale øvingsutbytet. Det er ein fordel om LØL er medvite dei øva sine standpunkt og såleis kan tilpasse rettleiinga ut ifrå dette. Det bør generelt vere høg terskel for å gripe inn, med mindre det gripast inn av tryggleiksmessige omsyn, og om ein er usikker på om ein bør gripe inn kan ein spørje spelstabben om råd. Inngripen og/eller stopp av øvinga gjerast alltid i tett samarbeid med spelstabben.

I ei fullskala-/feltøving med kulde, vatn, snø eller andre risikobetonte element må ein ta vare på den reelle tryggleiken og velferden til dei involverte, både for øvingsdeltakarar og markørar. Det er viktig å hugse at markørane kan bli kalde, svoltne, tørste, ha behov for eit toalettbesøk eller liknande. Om ikkje øvingsstaden har ein eigen tryggleiksansvarleg, er det oppgåva til LØL å syte for at dette blir følgd opp. Innsatspersonell i øvinga følgjer stort sett eigen og trygg HMS, medan innleigde markørar ikkje treng å ha det same tilhøvet til tryggleiksvilkår og HMS. Det er også mogleg å ha ein eigen tryggleiksleiar/tryggleiksteam på staden.

Overfor spelstabben skal lokal øvingsleiar:

Rapportere om framdrifta i spelet i høve til dreieboka, uføresette hendingar og situasjonar der spelstabben bør gripe inn. Dette kan gjerast over radiosamband, i ei melding eller på telefon. LØL skal også sikre at planlagde øvingsmoment i dreieboka ikkje glepp, samt "time" og koordinere initieringa av hendingar gjennom rollespelarar eller meldingar frå spelstabben. LØL har autoritet til å stoppe øvinga lokalt om det er naudsynt. Det kan vere behov for å stoppe øvinga om det blir oppdaga brot på tryggingsreglane, om det skjer ei ulykke, eller ved andre alvorlege hendingar som ikkje er planlagde.

LØL har i nokre tilfelle verdifulle observasjonar eller input som kan vere nyttige for dei som skal evaluere, og bør notere seg desse til hjelp for evaluatorane. Det er likevel viktig å skilje mellom ein evaluator og ein LØL. Oppgåva til lokal øvingsleiar er ikkje å evaluere, men om det er relevant, kan ein bli brukt som ein ressurs for evaluatorane i etterkant av øvinga. I mindre øvingar, eller når det er mangel på ressursar, kan LØL også ha andre oppgåver. Til dømes vil rolla som LØL kunne kombinerast med øvingsplanleggjar (noko som ofte gjerast) eller evaluator-rolla. Om same person har fleire ulike roller er det viktig at ein er tydeleg på skiljet mellom rollene og klar over kva ansvar ein har i dei ulike rollene og når ein opptrer i kva rolle. I større, tverrsektorielle øvingar er det ikkje tilrådd at LØL har andre roller.

Korleis gjere ein god jobb som lokal øvingsleiar?

Lokal øvingsleiar bør ha kunnskap om, og kjennskap til, ansvar og roller til dei øva aktørane. Særleg i tilfella der LØL følgjer ein funksjon er det avgjerande at ein matchar den faglege tyngda/erfaringa til den øva som har funksjonen som følgjast. På denne måten har LØL større forståing for vala og vurderingane som gjerast og kan, ved behov, vere ein betre sparringspartnar.

I dette metodeheftet er det skildra kva rolla som LØL inneber, korleis ho kan gjennomførast og tips til ting ein bør/ikkje bør gjere. Det er avgjerande at personen som skal vere LØL også er kjend med dette for å kunne gjere ein god jobb. Det som elles kjenneteiknar ein god LØL er at ein er tilgjengeleg, utan å vere forstyrrande, ein kjenner til kultur og prosedyrar til aktören, har forståing for eigenarten til rettleiinga og evnar å setje øvingsutbytet framføre renomme og prestisje til eiga avdeling/verksemd.

03

Hovudoppgåver på øvingsdagen

HOVUDOPPGÅVER PÅ ØVINGSDAGEN

Hovudansvaret til LØL er å vere førebudd på kva oppgåver og ansvar ein har som LØL og korleis dette skal utførast. Jobben som skal gjerast utførast i tett samarbeid med spelstaben og innspel skal alltid initierast og klarerast med dei. LØL skal også melde ifrå om eventuelle problem/utfordringar som dei øva aktørane har slik at spelstaben kan gjere justeringar. Om spelet dreg i feil retning, er det oppgåva til LØL å hente inn dei øva og rettleie dei tilbake i riktig retning. Dette kan t.d. vere om ein aktør heng seg opp i ein liten detalj som i utgangspunktet er ubetydeleg for øvinga og spelar vidare på dette som om det skulle vere ein viktig del av spelet, eller om ein øva aktør tek kontakt med ei verksemd som ikkje deltek i øvinga. Ved behov kan LØL kontakte spelstaben for å be om eit nytt innspel som bidreg til at spelet går rett veg. Om det er andre tilhøve som kan vere relevant for spelstaden å vere klar over, skal dette også rapporterast dit.

Før øvinga startar

Før starten på øvinga, bør LØL introdusere seg sjølv. Alle dei øva skal vite kven som er LØL og kva denne rolla inneber for å unngå uvisse. Eit viktig poeng, særleg i tverrsektorielle øvingar, er at LØL primært jobbar for spelstaben og sekundært for eiga verksemd. Oppgåva deira er å rapportere til spelstaben og hjelpe til med at øvinga gjennomførast i tråd med planen, ikkje å syte for at eiga verksemd gjer det bra. Det er tilrådd at lokal øvingsleiar er tydeleg merkt, gjerne med ein markeringsvest. I følgje standarden skal LØL ha svart farge på vesten.

Sikre at innspel frå spelstab er motteke

LØL skal halde seg orientert i dreiboka og dei innspela som treff det ansvarsområdet/funksjonen ein har ansvar for. For å vere oppdatert på kva innspel som er sendt og kva tid det er sendt, må ein ha løpende dialog med spelstaben. Som LØL er det viktig å sjekke at innspelet blir registrert hos dei øva, og kva som blir reaksjonen samanlikna med forventa handling. Om tempoet i øvinga er for høgt eller lågt, skal spelstaben styre dette ved å ta bort eller lage fleire innspel. Det er då viktig at LØL får melding om dette. I fullskalaøvingar er informasjonsdeling ved bruk av radiosamband eller sms-grupper svært effektivt ettersom spelstaben då kan få ut den same meldinga til alle lokale øvingsleiarar samstundes. I mindre øvingar, eller speløvingar, er det meir vanleg med bruk av telefon eller e-post.

Vurdere om øva aktør har for mykje/lite å gjere

Det er viktig at deltakarane i øvinga ikkje lessast ned med for mange innspel. Dei øva skal ha tid og høve til å handtere alle innspela på ein god måte. For mykje press gjev lite meistringskjensle og därleg læring. Ved manglande progresjon i øvinga skal det lite til for at motivasjonen fell blant dei øva. Det er difor viktig å melde ifrå til spelstab, som kan vurdere å justere intensiteten på øvinga.

Rettleie om spelet går i feil retning

Om dei øva behandler innspel feil i høve til forventa handling, og der dette vil kunne påverke spelet negativt, er det viktig at dei får høve til å hente seg inn igjen. LØL skal melde dette inn til spelstaben som tek ei avgjerd om kva grep som skal gjerast. Det kan også vere at nokon av dei øva stiller spørsmål ved scenario, at dei ikkje er samde i utviklinga av hendingane, at det som skjer ikkje er realistisk eller at dei ikkje er samde i dei speltekniske premissa for øvinga. Ofte kan dette løysast før øvingsstart med ein gjennomgang av scenario og premissane for øvinga. Om det likevel er nokon som argumenterer mot scenarioet slik at det blir øydeleggjande for spelet, er det viktig at dette meldast inn til spelstaben som vil kome med ei avgjerd på kor vidt det skal gripast inn og justerast. I utgangspunktet bør dei øva bedast om ikkje å “fighte scenario”.

Når øvinga er over

Når øvinga er over, er i utgangspunktet lokal øvingsleiar ferdig med oppgåvene sine. Det kan likevel i nokre tilfelle vere nyttig å bruke informasjonen LØL har etter å ha følgd dei øva gjennom øvinga. LØL kan bidra med innspel til evaluatorane gjennom observasjonar som er gjort underveis eller avklaringar i samband med avgjerder som vart tekne der ein i nokre tilfelle kan ha større innsikt og forståing for vala som vart tekne. Det er ikkje sjølv sagt at LØL skal bidra inn i evalueringa ettersom det er to ulike oppgåver og roller, men om det er ønskeleg, og eit behov frå evaluatorane, kan det vere nyttig. LØL kan også vere ansvarleg for å gjennomføre ei førsteinntrykkssamling etter at øvinga er slutt. Om denne oppgåva ligg til LØL skal *det vere avklart med spelstaben og evaluatorane på førehand*.

04

Tips og råd til deg
som skal vere lokal
øvingsleiar

TIPS OG RÅD TIL DEG SOM SKAL VERE LOKAL ØVINGSLEIAR

Generelle tips:

- Sjå til at du forstår rolla di som LØL og brukar tida fram mot øvinga til å avklare eventuelle uklære ting.
- Ver proaktiv i kommunikasjon med spelstabben, du er spelstabben sin forlenga arm, auge og øyrer.
- Sjå utan å bli sett - øvingsdeltakarane er hovudaktørane, la dei jobbe så uforstyrra som mogleg.
- Ofte vil kommunikasjonen mellom spelstabben og LØL skje via telefon (t.d. ved bruk av sms, IM, chattetenester eller tale). Det er difor viktig å ha tilgang til sambandskatalog/kontaktinformasjon og ein telefon.
- Kommunikasjon mellom spelstab og LØL kan også skje via radiosamband, t.d. Nødnett, på ein eigen frekvens eller talegruppe. Om dette er tilfelle må ein ha rett utstyr og tilgang til rett talegruppe/frekvens, og vere sertifisert for bruk.
- Vurder kvar du best kan gjere jobben.
- Sjå til at du har med alt du treng av utstyr på øvingsdagen(ane) og at du har tilgang til informasjon og system som du kan få bruk for i løpet av øvinga. Kva ein treng av utstyr og tilgangar varierer, men nokre ting ein kan ha bruk for, er: PC, graderte system, brukarnamn og passord til øvingsweb, dreiebok og innspel, samt tilgang til internett.
- Kle deg etter tilhøva.
- LØL bør ha på vest som er synleg merkt med rolla ein har. Det ligg føre ein standard for fargar på vestar for dei ulike rollene, der LØL skal ha svarte vestar.

Før øvingsstart:

- Sjå til at du har kontaktinformasjon til alle relevante aktørar i øvinga, eventuelt tilgang til sambandskatalogen (om det er utarbeidd ein for øvinga).
- For større øvingar: registrer deg med namn og kontaktinfo hos spelstabben. Der vil du motta naudsynt informasjon og utstyr (t.d. vest og radio).

Under øvinga:

- Følg dreieboka – har dei øva motteke innspela?
- Rapporter regelbunden til spelstabben om framdrifta i øvinga – har dei øva nok å gjere?
- Rapporter til spelstab om avvik frå forventa handling.
- Sjå til at tryggleik og velferd til involverte i øvinga, særleg rollespelarar/markørar, blir ivaretake.
- Rapporter straks om skadar eller ulykker, og stopp spelet om det er naudsynt.

Etter øvinga:

- Bidra med input til evalueringa, om dette er relevant.
- Leie ei førsteinntrykkssamling, om det er avtalt at dette er ansvaret til lokal øvingsleiar.
- For større øvingar: Lever frå deg eventuelt utstyr hos spelstabben og meld ifrå at du er ferdig.

“Do’s and don’ts” for lokal øvingsleiar

Do:

- Søk informasjon og forsøk å føresjå utviklinga i øvinga.
- Vurder kvar du bør vere plassert for best å kunne overvake situasjonen.
- Vis respekt overfor avgjerdene til deltakarane.
- Vurder nøyne om, og korleis, du bør gripe inn i øvinga.
- Oppdater spelstabben regelbunde.
- Jobb som eit team med andre LØL (om det er fleire).
- STOPP all aktivitet som stirr med tryggingsreglane.

Do not:

- Avslør informasjon som ikkje er meint for dei øva.
- Gje meinингa di om noko når du ikkje blir spurd.
- Reager negativt på handlingane til dei øva.
- Forstyrr dei som øvar.
- Forlat staden du skal opphalde deg på utan at det er klarert med spelstab (eventuelt ein overordna lokal øvingsleiar, om dette finst).

KAPITTEL

05

Ord og uttrykk

ORD OG UTTRYKK

Det er svært viktig at alle som deltek i ei øving er klar over, og samde om, kva øvingstekniske ord og omgrep ein brukar, samt kva desse betyr. Om ein t.d. skriv "NO PLAY – Bru kollapsa i Oslo", kan det skape mykje forvirring om ein ikkje har definert betydninga av uttrykket "NO PLAY", eller om det brukast feil. Alle som er involverte i øvinga må difor vere samde og fullt ut forstå betydninga av uttrykka ein vel å bruke, og det må gjerne fastsetjast tidleg og gjentakast ofte. Slike ord og uttrykk, med tilhøyrande skildringa av kva dei betyr, bør kome fram i sentrale dokument til øvinga (til dømes i gjennomføringsdirektivet).

Nokre av dei mest brukte øvingstekniske ord og uttrykk er som følgjer:

"BULLDOG"

Brukast som ei melding for å varsle dei ova om at øvinga stoppast mellombels, også kalla "øvingsfrys".

"NO PLAY"

Brukast som ei melding for å varsle om reell hending/skade. Dette kan t.d. vere ei melding om at eit av redningshelikoptra takast ut av øvinga for å setjast inn i ei reell hending.

"MAYDAY"

Brukast for alamering/behov for strakshjelp i samband med reelle hendingar, og fortrinnsvis på dedikerte nødsambandskanalar.

"PAN-PAN"

Dette uttrykket blir ofte brukt av radiostasjonar, og gjev opp at radiostasjonen har ei melding å sende som det hastar svært med, der meldinga gjeld tryggleiken til eit fartøy eller ein person. Hastesignalet skal ha prioritet framføre alle andre meldingar, bortsett frå nødmeldingar. Alle radiostasjonar som høyrer det, skal passe på at dei ikkje forstyrrar sendinga av den meldinga som følgjer etter hastesignalet.


"ØVING – ØVING – ØVING"

Alle meldingar og samtalar i samband med øvinga må merkast tydeleg slik at ein ikkje forvekslar hendinga/meldinga med ei reell hending. Den vanlegaste måten å gjere dette på er å merke alle skriftlege meldingar med "ØVING – ØVING – ØVING". Om ein skal ta ein samtale på telefon/samband, startast også samtalen med "ØVING – ØVING – ØVING".

Ein kan velje å ha andre omgrep, eller fleire om det er naudsynt, men poenget er at ein har nokre ord og uttrykk som er kjende blant alle dei involverte slik at ein unngår unødvendig forvirring. I rolla som lokal øvingsleiar er det spesielt viktig at ein har oversikt over kva ord og uttrykk som brukast i øvinga og kva desse betyr. Dette til ein viss grad for eigen del, men også ettersom det er lokal øvingsleiar som i størst grad kan få behov for å bruke omgrepa.

NOTAT

NOTAT



**Direktoratet for
samfunnstryggleik
og beredskap**

Rambergveien 9
3115 Tønsberg

Tel 33 41 25 00

postmottak@dsb.no
www.dsb.no

**ISBN 978-82-7768-471-0 (PDF)
HR 2400
Oktoper 2018**

 /DSBNorge

 @dsb_no

 dsb_norge

 dsbnorge